
Saknr: 2020/77154-57
Saksbehandlar: Lotte Karoline Lynngård
Dato: 03.02.2021

Til: Fylkeseldrerådet

Frå: Fylkesrådmannen

Notat om godtgjersle - arbeidsutval

Fylkeseldrerådet sendte i desember brev til administrasjonen i samband med spørsmål om godtgjersle.

27. januar 2021 var det møte i arbeidsutvalet om reglement for folkevalde organ og delegering. I arbeidet var mellom anna innspel frå fylkeseldrerådet tatt med i drøftinga.

I det følgjande er det punkter frå innspelet som vart drøfta i møtet:

Innspel frå fylkeseldrerådet vedkomande møtegodtgjersle i fora som «Leve heile livet» og «Eit aldersvenleg samfunn»

Arbeidsutvalet kom her fram til at dei ikkje ønsker å gjere nærare utgreiingar eller fremje sak om dette punktet. Arbeidsutvalet vel å vise til at fylkeseldrerådet har eit eige budsjett og at dei til dømes kan ta av budsjettet for å dekke reisekostnadar for 1-2 deltakarar.

Innspel fylkeseldrerådet vedkomande møtegodtgjersle for konsultative medlem

Arbeidsutvalet kom og her fram til at dei ikkje vil gjere nærare utgreiingar eller fremje sak om dette. Arbeidsutvalet viser til at ordninga med konsultative medlem er avvikla. Arbeidsutvalet viser til at deltaking i finansutvalet er å sjå som arbeid som høyrer til rolle som gruppeleiar/leiar hovudutval.